

ÅRSMELDING 2020 Jondal Ungdomskor

*Administrasjon

Jondal sokneråd driv korarbeidet Jondal Ungdomskor (JU), og korarbeidet er ein del av kantor si stilling.

*Korforbund

Jondal Ungdomskor er med i kororganisasjonen Ung Kyrkjesong, som samlar ca 8000 barne- og ungdomskorsongarar. Gjennom UK får koret tilsendt medlemsbladet Ung Kyrkjesong, ein får tilbod om ein del kortreff, seminar etc., og koret får frifondsmidlar gjennom Ung Kyrkjesong. Elles får ein òg gjennom medlemsskapet dekkja eventuelle TONO-utgifter ved ulike arrangement, dersom denne avtalen vert reforhandla.

2020

Jondal Ungdomskor v/ Konfirmentkoret.

På våren hadde konfirmentkoret 9 medlemmer. Grunna koronastenging frå 12.mars og utsetjing av konfirmasjonen, vart koravslutninga deira siste helga i august. Kantor laga ein øvingsvideo for kyrkjespelet, slik at dei som ville kunne nytte litt av sommerferien til eigenøving på spelet. Trass i ekstraordinære omstende og mindre konsentrert felles førebuing, gjorde konfirmentkoret ein veldig fin framføring av kyrkjespelet.

Haustsemesteret hadde konfirmentkoret 13 medlemmer.

Koret hadde øvingsplan både vår og haust som vart mykje endra grunna pandemien. JU har rapportert kursaktiviteten og fått studiestønad frå Norsk Musikkråd for våren. Grunna koronastenginga i november, fekk JU for lite timar til kursstønad for hausten 2020. JU deltok på 3 arrangement i 2020.

Jondal Ungdomskor v/ fast gruppe- JU hadde ikkje aktivitet i 2020.

22 ungdomar betalte kontingent til Jondal Ungdomskor for 2020.

Jondal Ungdomskor hadde i bank pr.31.12, kr. 20963,98

Framlegg til digitalt årsmøte med svarfrist 26/3-21

Av aktivitetar 2020 kan vi nemne korsamlingar, Kyrkjespelet Deg å få skode som konfirmantane er hovudarrangør for, Konfirmasjonsgudstenesta og Ljosmessa.

Det var JU som betalte honorar til ekstra musikarar og lyd på kyrkjespelet .

***Styret for år 2020 vart vald på årsmøtet 22.mars og samansett slik:**

Dirigent og leiar	Anne Karin Stormyr (fast styremedlem)
Styremedlem	Rannveig Hammer (2019-2020)
Styremedlem	Mona Stølheim Aasen (2019-2020)
Soknerådsrepresentant	Åse Marit Jørgensen (2020-2021)
Styremedlem	Hilde Eide (2020-2021)
Ungdomsrepresentant	Jennifer Kjøberg (2020)
Ungdomsrepresentant	Mats Alexander Aase Vik (2020)

1.vara: Cecilie Elisabeth Vestbøstad (2020)

2.vara: Hildegunn Samland (2020)

Revisor: Magnar Sollenes (2020)

Styret hadde ingen ordinære styremøte i (2020) Arrangementsliste med repertoaroversikt for JU blir lagt ved i protokollen.

JU 21.mars 2021

v/Anne Karin Stormyr, leiar